

## KOMMISJONSVEDTAK

2015/EØS/49/38

av 22. oktober 2009

**om endring av vedlegg I til vedtak 2004/233/EF med omsyn til posten for Danmark i lista over laboratorium som er godkjende for å kontrollere verknaden av rabiesvaksinasjon av visse kjøtetande husdyr***[meldt under nummeret K(2009) 7951]*

(2009/779/EF)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsvedtak 2000/258/EF av 20. mars 2000 om utpeking av et særskilt institutt som skal utarbeide de kriterier som er nødvendige for å standardisere serologiske prøver for kontroll av rabiesvaksiners virkning<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 3, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ved vedtak 2000/258/EF vart laboratoriet til Agence française de sécurité sanitaire des aliments de Nancy (AFSSA-laboratoriet i Nancy), Frankrike, peikt ut til å vere ansvarleg for å fastsetje dei kriterier som er naudsynte for standardisering av serologiske prøver med sikte på å kontrollere verknaden av rabiesvaksinar.
- 2) I vedtak 2000/258/EF er det fastsett at AFSSA-laboratoriet i Nancy skal sende over til Kommisjonen lista over dei fellesskapslaboratoria som skal godkjennast til å utføre desse serologiske prøvene. Følgjeleg nyttar AFSSA-laboratoriet i Nancy dei dupleiksprøvingane som er fastlagde for å vurdere kva laboratorium som kan godkjennast for utføring av dei serologiske prøvene.
- 3) I kommisjonsvedtak 2004/233/EF av 4. mars 2004 om godkjenning av laboratorium som skal kontrollere verknaden av rabiesvaksinasjon av visse kjøtetande husdyr<sup>(2)</sup> vart det utarbeidd ei liste over godkjende laboratorium i medlemsstatane på grunnlag av resultatane av dei dupleiksprøvene som AFSSA-laboratoriet i Nancy har sendt over. Danish Institute for Food and Veterinary Research er for tida ført opp i vedlegg I til det vedtaket.
- 4) Som følgje av endringar i forvaltninga av det laboratoriet, som ikkje har nokon innverknad på ytinga eller vurderinga

og godkjenninga av laboratoriet, har Danmark sendt inn ein søknad om å endre namnet og kontaktopplysningane til laboratoriet.

- 5) Vedtak 2004/233/EF bør difor endrast.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I vedlegg I til vedtak 2004/233/EF skal posten for Danmark lyde:

«(DK) DANMARK

Danmarks Tekniske Universitet (Technical University of Denmark)  
Veterinærinstituttet (National Veterinary Institute)  
Lindholm  
4771 Kalvehave  
DANMARK  
Tlf.: +4535886000  
Telefaks: +4535887901  
E-post: vet@vet.dtu.dk»

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 22. oktober 2009.

*For Kommisjonen*

Androulla VASSILIOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 278 av 23.10.2009, s. 58, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 115/2010 av 10. november 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 12 av 3.3.2011, s. 8.

<sup>(1)</sup> TEF L 79 av 30.3.2000, s. 40.

<sup>(2)</sup> TEU L 71 av 10.3.2004, s. 30.